



**Studentdemokratiet
i Sørøst-Norge**

21/01

2026

Høringssvar velferdspolitisk plattform

Studentdemokratiet i Sørøst-Norge



Høyringsvar velferdspolitisk plattform.....	1
.....	1
Studentdemokratiet i Sørøst-Norge	1
Generelle tilbakemeldingar	4
Kapittel 1 innledning	5
Kapittel 2 ansvar og styring	6
Kapittel 2.1 medbestemmelse	7
Kapittel 3 studentøkonomi.....	8
3.1 basisstøtte	8
3.2 støtte til særskilte grupper	10
3.3 støtte til utdanning i utlandet	10
3.4 renter	11
3.5 tilbakebetaling	11
3.6 Studentrabatter	12
3.7 Annet	12
4 Bolig og 4.1 Boligmarkedet	12
4.2 Studentbolig	14
5 Studenthelse	16
5.1 Særlige tilbud	17
6 Studentliv	18
6.1 Studentkultur.....	19
6.2 Studentidrett	19
6.3 Tilrettelegging	19
6.4 Studenter med barn	20

6.5 Annet	20
7 Studentsamskipnader	20
7.1 Tilbud	20
7.2 Samarbeid	20

1 Studentdemokratiet i Sørøst-Noreg (SDSN) er studentorganet til Universitetet i
2 Sørøst-Noreg (USN). SDSN vil takke for moglegheita til å svare på denne høyringa
3 om velferdspolitisk plattform. SDSN gler oss til vidare arbeid med plattformen fram
4 mot landsmøtet.

5 Generelle tilbakemeldingar

6 Utkastet til velferdspolitisk plattform verkar for SDSN som lite gjennomarbeida, der
7 ein berre kastar ut ganske store endringar utan å gjere ordentleg greie for det. SDSN
8 saknar fleire grunngjevingar for kvifor arbeidsutvalet foreslår dei ulike endringane,
9 og håpar de kan gjere greie for det seinare i prosessen. Ein er usikker på kva
10 endringar arbeidsutvalet faktisk har gjort frå dagens plattform, då det manglar
11 utgreiingar om kva ein endrar og kvifor ein endrar eller beheld dagens politikk.

12 Arbeidsutvalet har også valt å løfte fokus på mindre kontroversiell tematikk i
13 høyringa. SDSN skulle heller sett at ein løfter tematikk som kan starte gode
14 diskusjonar i medlemslaga og stilte fleire spørsmål til refleksjon som kunne danna
15 grunnlag for vidare politikkutvikling. Dei viktige spørsmåla som trekkjast fram i
16 høyringsnotatet verkar i liten grad til å vera relevant for plattformen, til dømes
17 spørsmåla om aldersgrense på studentrabatt som ikkje er føreslått i forslag til ny
18 plattform eller eksisterande politikk i dagens plattform.

19 Gjennomgåande i dokumentet ser SDSN at det er ein del skrivefeil som bør ordnast
20 opp i, før plattformen sendes til landsmøtet. SDSN vil trekkja fram «studentskipnad»
21 og «samskipnad» som dømer, noko som bør rettast til «studentsamskipnad» som
22 SDSN har spelt inn i tidlegare høyringar.

23 SDSN vil gje ei konkret tilbakemelding om at høyringsnotatet verkar som lite
24 gjennomarbeida og at ein har hasta seg gjennom prosessen for å ha eit vedlegg til
25 høyringsutkastet. Sjølve høyringsnotatet burde vore skrive meir ut og vore meir
26 dekkande, noko som igjen ville kunne gjedd NSO betre høyringssvar.

27 **Kapittel 1 innledning**

28 I første setning ledd tre på linje tre er det lagt til «samt å fullføre med høyest mulig
29 læringsutbytte.». Kva legg NSO i høgast mogleg læringsutbytte?

30 SDSN stiller seg kritiske til forslaget om å leggje til «, samt å fullføre med høyest
31 mulig læringsutbytte» som ledd bak setninga om lik rett, tilgang og moglegheit til
32 høgare utdanning. Lik rett, tilgang og moglegheit til høgare utdanning er eit prinsipp
33 som står seg godt slik som det står i dagens velferdspolitiske plattform og
34 prinsippprogrammet. Den nye leddsetninga er vag og lite presis, og flyttar fokuset frå
35 like moglegheiter til eit aspekt ved høgare utdanning, kva ferdigheiter ein sitt igjen
36 med etter fullført utdanning. Vidare stussar SDSN over omgrepsbruken i forslaget.
37 Høgast mogleg læringsutbytte er til dømes eit kvalitetsaspekt i høgare utdanning,
38 ikkje studentvelferd.

39 Basert på høyringsnotatet verkar det som om utgangspunktet for den nye
40 leddsetninga er et forsøk på å møte argumenter om at det kan være positivt å jobbe
41 ved sia av studiane. SDSN er tydelege på at å ha ein deltidsjobb ved sia av studiane
42 kan vera positivt, spesielt når den er relevant for utdanninga studentar tar. Det er
43 derimot slik at ikkje alle studentar har ein anledning til å ha ein deltidsjobb, og at
44 fleire jobbar så mykje at det går utøve studiane. Leddsetninga løyser ikkje problemet
45 som skisserast i høyringsnotatet, og SDSN vil anbefale at den fjernast. SDSN kan
46 ikkje sjå at det føreligg noko dokumentasjon som bekreftar påstanden om at eit par
47 timar på ein deltidsjobb går utover læringsutbytta, slik det står i høyringsnotatet side
48 6 andre avsnitt.

49 Ei linje om at studentar ikkje bør ha ein deltidsjobb er ein ny retning for NSO, som
50 ikkje samsvarer med forslaget i ny plattform om ein vidareføring av 1.5 G som
51 minstekrav for studiestøtta. Angående nivået på studiestøtta vert dette gjort greie
52 for vidare i *kapittel 3.1 Basisstøtte*.

53 Linje 6-8 som tek for seg definisjonen av studentvelferd vurderast som kort og lite
54 konsist. Det er bra at NSO tek inn ein definisjon på kva studentvelferd er, men SDSN
55 saknar ein vidare politikk på kva NSO som organisasjon legg i «god studentvelferd».

56 Til avsnittet på linje 16-19 undrar SDSN over kvifor arbeidsutvalet foreslår å
57 gjennomføre SHoT kvart femte år, og ikkje kvart fjerde år slik som det er i dag? Vil
58 ikkje dette bidra til mindre oppdatert kunnskap om studentars levekår, helse og
59 trivsel?

60 Vidare vil SDSN spele inn at det i avsnittet på linje 16-19 inkluderast at resultatet skal
61 gjerast tilgjengeleg på nasjonalt og lokalt nivå, der lokalt nivå delast inn i statistikk på
62 institusjons- og campusnivå. For å gjera undersøkinga tilgjengeleg for alle studentar
63 er det viktig at det også kan svarast på engelsk, slik at det kan innhentast
64 oppdaterte tal frå innvekslingsstudentar.

65 [Kapittel 2 ansvar og styring](#)

66 SDSN undrast på kva arbeidsutvalet legg i at dei ulike aktørane med ansvar for
67 studentvelferda ska leggje til rette for høg deltaking på linje 22-24? Formålet med
68 velferdssystemet er å støtte opp om dei særskilde behova studentar har når dei er
69 studentar. NSO burde jobba for at velferdstilboda treff studentars faktiske behov,
70 ikkje at alle nødvendigvis skal nytte seg av dei. Enkelte velferdstilbod er universelle
71 og noko alle studentar nyttar seg av, andre er til for å dekke behov som kan oppstå,
72 som helserefusjon, barnehage, rettleiing og støtte. Det viktigaste med desse tilboda
73 er at dei er tilgjengelege for dei som har eit faktisk behov for dei, ikkje at alle
74 studentar nyttar dei. Skal målet vera at det er høg deltaking i velferdstilboda kan
75 dette tolkast til at ein skal avvikle tilbod som få studentar nyttar seg av, men som er
76 naudsynt for studentane som nyttar dei. SDSN er bekymra for at ei slik linje vil føre til
77 ein auka grad av New Public Management av velferdstilboda, ei endring som ikkje er
78 ønskeleg.

79 Setninga på linje 25-27 burde endrast ved å dele den opp frå ei lang setning til to
80 korte, for eksempel:

81 «Det offentlege har ansvar for å sikre en studentøkonomi som gir den enkelte
82 reelle muligheter til å prioritere studiene, uten økonomiske bekymringer. Alle
83 studenter skal kunne ta del i og kunne bidra til et godt og levende
84 studentmiljø.»

85 For setninga på linje 27-28 foreslår SDSN å endre den til:

86 «For å sikre en levedyktig studentøkonomi, må staten sikre en tilstrekkelig
87 studiestøtte og at en har tilgang på rimelige studentboliger.»

88 På linjenummer 35 til 36 står det at studentar skal betale semesteravgift. Nokon
89 studentar har unntak frå semesteravgift som til dømes enkelte EVU-studentar. Difor
90 er det underleg å skrive at alle studentar skal betale semesteravgift. Ein betre måte
91 å skrive dette på ville vært å endra det til «studentene gjennom semesteravgiften.».

92 [Kapittel 2.1 medbestemmelse](#)

93 Dei tre setningane i første avsnitt er i stor grad gjentakande og ein bør sjå på
94 moglege omskrivingar eller kutt her.

95 På linje 42-44 står det at studentar skal ha direkte representasjon med fulle
96 rettigheitar i blant anna organ knytt til utdanningsinstitusjonane. Dette er god
97 politikk, men det er utdanningspolitikk, ikkje velferdspolitik. Dette avsnittet bør
98 skrivast om og kombinerast med avsnittet på linje 45-47, der ein også bør skriva at
99 det skal vere eit samarbeid mellom vertskommune og studentorganet. Det er unødig
100 å presisera at det skal være eit formelt samarbeid, og å møtast jamt er ein subjektiv
101 vurdering.

102 SDSN vil gjera arbeidsutvalet merksame på at vedtak som fattast i
103 studentsamskipnadsstyra med krav om eit fleirtal over simpelt fleirtal i fleire tilfelle
104 inneber at ein gjer frå seg fleirtalet i styret. Med bakgrunn i dette ber SDSN
105 arbeidsutvalet vurderer om «kunne» bør strykast frå «skal kunne», for å sikre
106 studentane fleirtal i alle saker.

107 På linje 59-60 skriv ein at valorganet skal kunne «bytte ut disse om tilliten ikke
108 lenger er til stede». SDSN synes formulering er vag og utydeleg og ber om at
109 forslaget endrast til «Studentenes valgorgan skal kunne avsette
110 studentrepresentantene i styret.».

111

112 **Kapittel 3 studentøkonomi**

113 Innleiinga til dette kapittelet står seg betre som innleiing til heile plattformen om ein
114 skal ha det med, men mykje av innhaldet står seg betre i utdanningspolitisk
115 plattform. Det har generelt sett ikkje så mykje med studentøkonomi å gjere, men
116 meir viktigheita av høgare utdanning. Dette gjeld spesielt teksten på linje 62-67.

117 Linje 70 burde skrivast om til «For å sikre dette må studiestøtten være knyttet til
118 grunnbeløpet i folketrygden (G).».

119 SDSN ber arbeidsutvalet gjere greie for kvifor ein ynskjer å auke delen studiepoeng
120 ein kan være forsinka og fortsett få utbetalt støtte frå 60 til 90. Her saknar SDSN ei
121 grunngjeving for forslaget til endra politikk.

122 **3.1 basisstøtte**

123 I høyringsnotatet gjerast det greie for at ein med endring frå «studiestøtta» til
124 «basislån» vil endra slik at studielånet utbetalst som eit reint stipend, der delar
125 gjerast om til lån basert på studiepoeng/fullført grad. Denne endringa i
126 støtteordninga kom ikkje tydeleg fram i det føreslegne kapitelet og endringane
127 skaper meir forvirring enn forståing. SDSN er bekymra for at arbeidsutvalet, med å
128 presentera ei omlegging av heile studiestønadordninga på ein slik måte bidreg til
129 forvirring på landsmøte.

130 Ein reduksjon i renteinntekta går ut over statens inntekter, noko som gjer at
131 studielåna vart dyrare å tilby studentane. NSO må ta ein vurdering på kven ein vil
132 prioritera. Studentane eller tidlegare studentar som er ute i arbeidslivet og tener
133 pengar. Det er også rart at arbeidsutvalet introduserer noko som er eit nytt omgrep

134 og noko anna enn dagens ordningar, utan å gjere greie for dette i ordlista med
135 tilhøyrande forklaring.

136 SDSN ber også om at det ein vurderer andre setning i 85-86, kor ein legg opp til at
137 studentar som tar ein grad skal få behalde ytterlegare 20 prosent av stønaden som
138 stipend. NSO har snakka mykje om livslang læring og viktigheita av fleksible
139 utdanningar, vil ikkje ein slik politikk løfte fram dei tradisjonelle gradsutdanningane
140 framfor fleksible utdanningar?

141 SDSN meiner at studentar skal kunne velje om ein vil ha ein større del av
142 studiestønaden i starten av semesteret eller om ein skal fordele det jamt ut over
143 året. SDSN meiner også at studentar skal kunne få utbetalt studiestønad i 12
144 månadar.

145 SDSN stussar over at arbeidsutvalet skriv i utkastet at alle skal kunne studera på
146 heiltid utan behov for annan inntekt eller stønad, og at studiestønaden difor må vere
147 på minst 1,5 G. NSO sine eigne utrekningar viser, gong på gong, at den
148 gjennomsnittlege student med ein studiestønad på 1,5 G må arbeide ved sidan av
149 studiane for å få økonomien til å gå rundt. Å seie at 1,5 G fjernar behov for annan
150 inntekt eller stønad gjer ikkje meining, og er i dissonans med politikken NSO fører i
151 det daglege. SDSN ber difor om at dette avsnittet skrivast om.

152 Vidare vil SDSN poengtere at studiestønaden skal knytast opp mot grunnbeløpet i
153 folketrygda og vere på minst 2 G. Ei studiestønad på 1,5 G er eit viktig delmål mot
154 dette målet, som ein aktivt må jobba for å nå. Med bakgrunn i dette saknar SDSN ei
155 utgreiing for kvifor arbeidsutvalet føreslår å vidareføre 1,5 G, ein debatt som har
156 vært gjennomgåande til no i perioden. Nivået på studiestønaden i den føreslegne
157 plattformen er ikkje kommentert eller gjort greie for på nokon måte i høyringsnotatet,
158 noko ein bør kunne forvente.

159 3.2 støtte til særskilte grupper

160 SDSN tykkjer det er leit at ein vel å leggje studentar i praksis under dette kapitlet.
161 Arbeidsutvalet bør heller vurdere om det skal lagast eit eige kapittel til studentar i
162 praksis framfor å sidestilla dei med for eksempel studentar med barn. SDSN støttar
163 innhaldet i teksten, men saknar eit større fokus nasjonalt på studentar i praksis, eit
164 fokus som ikkje løftast fram med å seie at dei er ei særskilt gruppe.

165 På linje 116-119 står det at ordninga med inntektsbortfall skal kome frå eit fond som
166 partar i arbeidslivet og staten skal betale til. SDSN ynskjer ei grunngjeving på kvifor
167 ein vil at dette skal vere eit fond, då det ikkje kjem fram i høyringsnotatet.

168 3.3 støtte til utdanning i utlandet

169 Setninga på linje 121-123 burde skrivast om til « Gjennom å ta hele eller deler av
170 utdanning sin i utlandet bidrar norske studenter til kompetanseutvikling og
171 samarbeid på tvers av nasjoner. For å legge til rette for internasjonalisering av
172 norske studenter må Lånekassen derfor dekke reelle utgifter til skolepenger for
173 norske studenter som studerer i utlandet.». Ikkje berre trekk ein inn noko av det
174 positive internasjonalisering bidreg til, men ein presiserer også at ein skal få dei
175 reelle utgiftene til skulepengar dekkja. SDSN har fleire gongar registrert at svak
176 kronekurs har medført utfordringar for norske studentar i utlandet.

177 SDSN saknar ei grunngjeving for å innføre politikk om slike støtteordningar då det
178 ikkje kjem tydeleg fram noko grunn for forslaget i høyringsnotatet. Det er usikkert på
179 om det er eit reelt behov for en slik type støtteordning, og om den til dømes skal
180 kome som eit reint lån, stipend eller ein hybrid som det ordinære studielånet er i dag
181 der noko konverterast til stipend. SDSN er usikre på kor hensiktsmessig det er å
182 finansiere noko som ikkje produserer studiepoeng eller bidreg til studentanes
183 faktiske studieprogresjon. Om det ikkje ligg ein grunngjeving i det vidare plattform
184 ber SDSN om at forslaget fjernes og heller vurderast i neste revidering av
185 internasjonal plattform.

186 3.4 renter

187 Som beskriven i **3.1 basisstøtte** vil ein reduksjon i renteinntekta gå ut over statens
188 inntekter, noko som gjer det dyrare å tilby studielån til studentane. SDSN ber
189 arbeidsutvalet vurdere om NSO skal prioritere å auke studiestøtta og betre den
190 økonomiske situasjonen for studentar mens dei studerer, eller å arbeide for at ein
191 får ein betre økonomi når ein er ferdig med studiane.

192 SDSN er usikre på kva konsekvensar den nye politikken i høyringsutkastet vil
193 medføra knytt til studentars moglegheiter for å binde/ikkje binde låna, og saknar ein
194 utgreiing for kvifor arbeidsutvalet har foreslått disse endringane. Endringane er godt
195 forklart, men det manglar ein grunngjeving som gjer det mogleg å ta stilling til om
196 dette er ønska politikk eller ikkje.

197 3.5 tilbakebetaling

198 Dette delkapittelet vurderast til å vere altfor stort og detaljert for noko som i liten
199 grad er viktig eller relevant for studentane mens dei studerer. SDSN vil anbefale at
200 NSO prioriterer å arbeide for studentane mens dei studerer, og ikkje nødvendigvis
201 bruker sin politiske kapital på å jobbe for dei som har studert.

202 Når det kjem til linje 156 meiner SDSN at dette er ein svært utydeleg politikk på
203 inntektsgrensa, sjølv om dette er ei vidareføring av politikken i dagens plattform.
204 Vurderer arbeidsutvalet det som tilstrekkeleg at NSO meiner at inntektsgrensa skal
205 settast basert på inntekt og størrelse på hushaldninga? Burde ein ikkje ha noko meir
206 konkret politikk her?

207 Som eit konkret innspel til linje 156 vil SDSN be arbeidsutvalet endra setninga til at
208 NSO ynskjer ein inntektsgrense på minst 2,5 G.

209 SDSN er kritiske til at arbeidsutvalet har fjerna politikken om at studentar som tar på
210 seg kompenserte heiltidsverv skal få rentefritak på studielånet for den perioden dei
211 innehar vervet. Arbeidsutvalet skriv i høyringsnotatet at politikken fjernast ikkje fordi
212 ein er ueinige i politikken, men fordi ein meiner det ikkje er riktig stad. Kva er riktig

213 stad? Kor vil arbeidsutvalet foreslå å skriva politikken no? Politikken omfattar
214 tilbakebetaling og rentar på studielånet, og burde difor stå i **3.5 Tilbakebetaling** eller
215 **3.4 Renter**. Å berre fjerna politikken som arbeidsutvalet legg opp til er ikkje ein god
216 løysning. SDSN meiner at dette er velferdspolitik, og at politikken som følge av det
217 høyrer heime i velferdspolitisk plattform.

218 3.6 Studentrabatter

219 SDSN stillar seg positive til forslaget til delkapitel om studentrabattar. SDSN er godt
220 kjent med utfordringa om at studentar over 30 år ikkje får tilgang til ein god del av
221 studentrabattane, noko NSO også må arbeide for å endre. Å plattformfesta eit
222 delmål på 35 år er for snevert, SDSN støttar difor forslaget om at det ikkje skal vere
223 noko avgrensing på alder.

224 3.7 Annet

225 SDSN meiner at dette delkapittelet er noko malplassert og ikkje høyrer heime i NSO
226 sin velferdspolitiske plattform slik det står. Kapittelet omfattar meir generell
227 skattepolitikk enn studentøkonomi. Frikortgrensa kunne vore eit eige delkapittel, og
228 her vil SDSN også spela inn at 1 G er nokså lite. Samstundes vil ei frikortgrense på 1G
229 vera høgare enn dagens inntektsgrensa i Lånekassen, noko som bidrar til ein
230 dissonans i politikken. SDSN lurar og på om arbeidsutvalet har reflektert over kva
231 signal det kan sende for NSO å gå ut og sei at studentane ikkje skal betale skatt?

232 Når det kjem til skattefordelane ein som leigetakar skal ha så skjønner ikkje SDSN
233 heilt kva arbeidsutvalet ynskjer å oppnå med dette punktet og den oppgitte
234 argumentasjonen? Leigetakarane får jo ein fordel av skattefordelane bustadeigar
235 nyttar av, då det bidreg til å halde husleiga lav?

236 4 Bolig og 4.1 Boligmarkedet

237 SDSN er positive til innleiinga til kapittel 4 og delkapittel 4.1.

238 4.1.1 Standard og kontroll

239 Ingen merknad.

240 4.1.2 Depositum

241 SDSN er positive til forslaget, særleg delen om endra det øvre taket på
242 depositumssummen frå tre til to månadsleier, men skulle gjerne sett at det vart gjort
243 greie for i høyringsnotatet.

244 4.1.3 Tilstrekkelig tilbud av leieboliger

245 På linje 202-203 er det skriven at «Samfunnet må....». SDSN lurar på kven
246 arbeidsutvalet meiner at *samfunnet* er i konteksten å leggje til rette for at det er
247 fleire leigebustader enn det er behov for? Meinast det eigentleg stat og kommune?

248 SDSN saknar ein raud tråd mellom avsnittet på linje 202-205 og 206-209. Det er
249 ikkje så tydeleg korleis tilstrekkeleg bustadbygging, lønnsam langtidsutleie eller
250 oversikteleg og forståeleg regelverk bidrar til å sikre fleire langsiktige, seriøse og
251 profesjonelle aktørar. SDSN er positive til at ein arbeider for å få vekk dei useriøse
252 aktørane på leigemarknaden. Ein konsekvens av å ha fleire leigebustadar enn det
253 faktiske behovet er at ein som leigetakar fort kan velje den useriøse men meir
254 rimelege aktøren enn den profesjonelle dyre aktøren. Dette er ein vanskeleg
255 balansegang, då fleire tilbod og kan gje eit prispress, men SDSN vil anbefale at NSO
256 i størst mogleg grad prioriter å betre vilkåra og rammene for leigetakarane og fleire
257 studentbustader.

258 4.1.4 Tredje boligsektor

259 På linje 213-214 har setninga blitt kutta, skal det kanskje stå «Disse aktørene skal
260 ikke ha andre **oppgaver** enn å tilby rimelige utleieboliger.»?

261 Vidare undrar SDSN på korleis studentsamskipnadane vil passe inn med tanke på ein
262 tredje bustadsektor. Dei, og studentbustadsstiftelsar, er ideelle aktørar som får
263 statleg tilskot (om dei bygg innafor kostnadsramma) for å bygge rimelege
264 leigebustader. Med avgrensingane i setninga på 213-214 vil ikkje
265 studentsamskipnadane reknast som ein del av den tredje bustadsektoren, noko
266 SDSN lurar på om arbeidsutvalet har reflektert over? Kva vil ein eigentleg oppnå
267 med dette delkapittelet?

268 4.1.5 Muligheter for å eie

269 SDSN ser intensjonen med politikken men vil anbefale å stryke den, sjølv om den
270 også står i *politisk dokument om bolig*. Tanken bak politikken er god, men sjølv om
271 studielånet ikkje reknast med når samla gjeldsbyrde reknast er det ei gjeld som skal
272 betalast. Å la tidlegare studentar ta på seg bustadlån som om gjelda til staten ikkje
273 eksisterer er uheldig og bør fråvikast, då det til slutt berre går utover individa som
274 ikkje klarar å betena låna dei har.

275 4.2 Studentbolig

276 SDSN er generelt sett positive til innhaldet i 4.2, men vil også spele inn at NSO i linje
277 228-232 bør opne opp for at andre aktørar enn studentsamskipnadar,
278 studentbustadstiftelser og ikkje-kommersielle aktørar skal kunne få tilskot til å bygge
279 studentbustadar. Andre aktørar kan bidra til føremålet om å auke dekningsgraden av
280 studentbustadar, også når studentsamskipnadane og dei andre lista i
281 høyringsutkastet ikkje ynskjer eller kan bygga. Gjennom å ha ein tydeleg
282 prioriteringslinje der studentsamskipnadane først kan søka om tilskot, deretter
283 studentbustadstifelser og ikkje-kommersielle aktørar og til slutt andre aktørar vil ein
284 sikra at det byggjast flest mogleg nye studentbustader. Etter denne tredje
285 fordelinga kan ubrukte tilskot gå til eksisterande bustadar med behov for
286 rehabilitering eller oppgradering.

287 Som ein følge av dette lurar også SDSN på om omgrepet «renovering» er rett, all
288 den tid ein i stor grad har nytta omgrep som «rehabilitering» og «oppgradering»
289 tidelegare. SDSN kan ikkje sjå at «renovering» nyttas i for eksempel Husbankens
290 rettleiar for tilskot til studentbustader eller på deira nettstadar.

291 4.2.1 Bygging

292 SDSN undrar på kvifor arbeidsutvalet har lagt seg på ei grense med at det statlege
293 tilskotet skal utgjere minst 49% av de totale bygge- og tomtekostnadene? I dagens
294 velferdspolitiske plattform står det at det statlege tilskotet skal utgjere 49 prosent
295 av dei totale bygge- og tomtekostnadene. Kvifor ynskjer arbeidsutvalet å endre

296 denne politikken og vil det kunne medføre nokon konsekvensar for
297 studentsamskipnadane?

298 SDSN er positive til avsnittet om at kommunane må bruka alle tilgjengelege
299 verkemidlar for å leggje til rette for raskare og billigare bygging av studentbustader,
300 noko SDSN oppleve som ein stor utfordring i dag knytt til fordyrande og
301 tidsslukandes rekkjefølgekrav. SDSN undras derimot over kvifor arbeidsutvalet ikkje
302 har ført inn at vertskommunane ska stilla tomtar tilgjengeleg gratis eller til redusert
303 pris for studentsamskipnadene til bygging av studentbustader i dette delkapittelet?
304 I dagens plattform er dette beskrive under ansvar **2.2 Kommunen og**
305 **fylkeskommunen** andre avsnitt. Dette er politikk SDSN oppleve at ikkje dekkast av
306 *politisk dokument om bolig*, der NSO i stor grad har politikk på tilgang til tomter eller
307 retta sal, ikkje at tomtene skal vere gratis eller til redusert pris. Ein konsekvens av
308 dette vil vere dyrare studentbustader, noko SDSN meiner er uheldig og
309 motstridande med føremålet med studentbustader og studentsamskipnadane.

310 *4.2.2 Utforming og standard*

311 SDSN opplev delkapittelet som relativt kort og utydeleg, der NSO meiner svært lite
312 om utforming og standard på studentbustadar, anna enn ein tilnærma ja til bra-
313 politikk. SDSN skulle gjerne sett at arbeidsutvalet utbroderte nærmare om kva NSO
314 er opptekne av og er meir konkrete når det kjem til utforming og standard på
315 studentbustadane.

316 *4.2.3 Tildeling*

317 SDSN er usikre på korleis studentane lokalt skal kunne påverka tildelingskriteria, når
318 NSO samstundes meiner at nasjonale og internasjonale studentars behov skal
319 ivaretakast, samtidig som sårbare grupper prioriterast?

320 SDSN meiner at NSO burde vere tydelege på at internasjonale studentar skal ha
321 bustadgaranti, og endre høyringsutkastet til å samsvare med formuleringa i dagens
322 velferdspolitiske plattform om dette. Internasjonale studentar er ei særskilt sårbar
323 gruppe på bustadmarknaden og NSO bør vere tydelege i prioriteringane her.

324 SDSN lurar også på kvifor arbeidsutvalet foreslår å stryke at det skal vere et makstak
325 på kor mange år ein kan bu i ein studentbustad basert på kapasitet, og at
326 førsteårsstudentar skal prioriterast i tildelinga? Om tanken er å leggje opp til at dette
327 er prioriteringar som skal gjerast lokalt er SDSN positive til forslaget, men ynskjer
328 samstundes at første setning på linje 249-250 strykast.

329 *4.2.4 Tomme studentboliger*

330 SDSN ynskjer ein utgreiing på kvifor arbeidsutvalet har landa på at
331 studentsamskipnadane skal kunne selje studentbustadar med ein tomgang på 50%
332 over fem år, og ikkje til dømes 40% over tre år? Elles er SDSN positive til forslaget.

333 *4.2.5 Andre innspel*

334 Arbeidsutvalet spør i høyringsnotatet om NSO skal meine noko om
335 strømstøtteordningar for studentsamskipnadane. SDSN meiner at eit slik tema er for
336 snevert og ikkje tidlaust nok til å stå i ein plattform, og noko som heller kan vere ein
337 resolusjon.

338 *5 Studenthelse*

339 SDSN støttar dette kapittelet og syns det er meir utfyllande og beskrivande tekst
340 enn dei andre kapitela. Den einaste merknaden her er at det på linje 267-269 står at
341 kurs, rådgjeving og andre ressursar skal så langt det lar seg gjere vere digitalt. SDSN
342 er bekymra for at dette kan tolkast til at NSO ynskjer at mest mogleg skal vere
343 digitalt, og ikkje at det digitale vert et supplement til det fysiske. Studentar meldar at
344 dei ynskjer at slike tilbod skal vere fysiske, noko SDSN og håpar er intensjonen til
345 arbeidsutvalet. Her er det kanskje naudsynt med ei presisering av at desse tilboda
346 skal i hovudsak vere fysiske, men at dei og må gjerast tilgjengeleg på nett for dei
347 studentane som har behov for det.

348 5.1 Særlige tilbud

349 I første avsnitt skriv ein at studentar skal ha rabatt på helseutstyr. SDSN lurar på kva
350 arbeidsutvalet meiner med helseutstyr, og om det er mogleg å utdjupe det
351 nærmare.

352 I høyringsnotatet skriv arbeidsutvalet at dykk under særlege tilbod har vidareført
353 politikken til NSO om teststasjonar for rusmidlar, som på linje 282-283 er skrive som
354 at det skal vere eigne teststasjonar for rusmidlar på campus. Dette er ikkje
355 vidareføring av eksisterande politikk og SDSN saknar meir utgreiing på kvifor ein vel
356 å legge inn så radikale endringar. SDSN meiner det er viktigare å fokusere på
357 forebyggjande, psykisk helse og seksuell helse, som ikkje er vidareført i noko særleg
358 grad frå dagens plattform.

359 SDSN er positive til teststasjonar for rusmidlar, men støttar ikkje at disse skal vere
360 på campus. Å leggje opp til at studentar skal ta med seg illegale rusmidlar på
361 campus er ikkje vegen å gå for å jobbe forebyggjande og å følge opp studentar med
362 rusproblematikk. Trygge teststasjonar der ein kan teste rusmidlar er positivt, men å
363 plassere desse på campus bidreg ikkje til eit godt og trygt tilbod. Ei slik ordning vil
364 redusere studentars moglegheiter til å teste rusmidlar anonymt, samtidig som det vil
365 auke mengda rusmidlar på campus, noko som ikkje er ønskeleg. SDSN meiner at
366 dette er eit tiltak som bør ligge hos helsevesenet, ikkje til institusjonane eller deira
367 byggeigarar slik som arbeidsutvalet no oppfordrar til med å be studentane ta
368 rusmidlane med på campus. Å be studentar om å ta med rusmidlar på campus vil
369 ikkje berre gjere rusmidlar tilgjengeleg for ein større del av studentmassen, det vil
370 samstundes redusere terskelen for å ruse seg på campus. SDSN ber arbeidsutvalet
371 om å endre formuleringane i det vidare arbeidet og ikkje oppfordre studentar til å ta
372 med illegale rusmidlar på campus.

373 Vidare vil SDSN problematisera eit anna moment med å ha testasjon på campus,
374 studentanes anonymitet. Det er ikkje noko automatikk i at ein eller fleire testasjonar
375 på campus vil kunne sikre at studentar skal kunne teste rusmidlar anonymt.

376 Studentar, tilsette og andre vil kunne plassera seg i nærleiken av teststasjonane og
377 observera kven som nyttar seg av dei, og bruke dette i varslar, tvilsmeldingar eller
378 liknande. Fleire campus er og flerbrukscampus med kameraovervaking, noko som
379 igjen vil kunne skape barrierar for å nytte seg av slike teststasjonar. SDSN meiner at
380 NSO heller burde vurdere å arbeide for at det er heimetestar tilgjengeleg på
381 helsestasjonar, legevakt og liknande, der studentar og andre kan henta dette ut
382 gratis til testing heime. Å ha heimetester ein kan henta ut på campus vurderast som
383 ei dårleg løysning med bakgrunn i tidlegare argumentasjon mot testasjonar på
384 campus.

385 *5.1.1 Fastlege*

386 SDSN stiller seg spørjande til at arbeidsutvalet føreslår at ein ska ha rett til å få sin
387 gamle fastlege om ein flyttar tilbake innan 5 år, uavhengig om ein melder flytting.
388 SDSN kan støtta endringa om å gå frå 3 til 5 år, men undrast over kvifor ein ikkje skal
389 måtte melda flytting? Med den nye politikken vil ein frå Oslo som flyttar til
390 Trondheim for å studera og melder flytting til Trondheim etter 5 år kunne bli buande i
391 Trondheim og få tilbake sin gamle fastlege i Oslo, noko som ikkje gjer meining. SDSN
392 ser ikkje kvifor NSO skal prioritere eller ha ein slik politikk? Om arbeidsutvalet meiner
393 noko anna enn dette ber SDSN dykk om å skriva om setninga.

394 I siste avsnitt står det at det berre er studentar fram til og med det året ein fyller 30
395 år som ska ha rett på tilbod hos helsestasjonen. Tidelegare i dokumentet meiner
396 NSO at ei rekke ordningar med studentrabattar skal vere for alle studentar
397 uavhengig av alder. SDSN meiner at NSO må leggje seg på same linje når det gjeld
398 helsestasjonens tilbod også, altså at det skal gjelde alle studentar uavhengig av
399 alder ikkje berre dei som er 30 år eller yngre.

400 *6 Studentliv*

401 SDSN stussar over at NSO skal ha ganske direkte politikk på korleis dei ulike
402 studentorganisasjonane skal drivast og om arbeidsutvalet har reflektert rundt korleis
403 dykk vil arbeide med dette? Å meine at studentorganisasjonane skal vere opne,

404 tilgjengelege og trygge for alle studentar er positivt, men SDSN ser ikkje heilt kvifor
405 NSO som ein nasjonal interesseorganisasjon skal ha politikk på korleis dei ulike
406 studentorganisasjonane skal driva sitt rekrutteringsarbeid? Dette gjeld då linje 310-
407 312.

408 6.1 Studentkultur

409 Ingen merknad.

410 6.2 Studentidrett

411 Ingen merknad utover at det er ein del skrivefeil i dette kapitlet.

412 6.3 Tilrettelegging

413 SDSN les heile dette kapitlet som gjentakning av kapitela ovanfor. Mykje av teksten
414 og argumenta er overflødig fordi dei står fleire gongar i dokumenta. SDSN håpar at
415 arbeidsutvalet kan gå gjennom denne teksten på nytt for å fjerne gjentakande og
416 overflødig tekst. Dette vil bidra til eit kortare og meir oversiktleg dokument.

417 Videre vil SDSN be arbeidsutvalet skriva om setninga på linje 346-347. Å leggje seg
418 på ei linje om at frivillige studentar så langt det lar seg gjere ikkje skal måtte betale
419 for det er å opne opp for at ein skal kunne måtte betale for å vere frivillig. Dette er ei
420 linje NSO ikkje bør leggja seg på.

421 SDSN undrar seg også over kvifor arbeidsutvalet på linje 362-363 skriv at det i
422 planlegginga av utvikling av campus og studentbustadar skal arbeidast for å høyra
423 andre studentorganisasjonar og grupper enn dei formaliserte studentorgana? Ein
424 utfordring, i fleire tilfelle, er at utdanningsinstitusjonar og studentsamskipnadar gjer
425 nettopp dette, og ekskludere studentorgan til fordel for dei gruppene dei sjølv
426 tenkjar det er naturleg eller gunstig for dei å høyra. NSO bør vere tydelege på at det
427 er studentorgana som skal høyrast, ikkje andre. Her har sjølv sagt studentorgana eit
428 ansvar for å ha gode og opne demokratiske prosessar og eit godt samarbeid med
429 dei andre studentorganisasjonane, noko SDSN er sikker på at studentorgana gjer på
430 ein god måte.

431 6.4 Studenter med barn

432 SDSN er einig i innhaldet i dette kapittelet, men vil gjerne at det leggjast til nokre
433 punkter som omhandlar barnehageplassar. Det er ikkje alle studentsamskipnadar
434 som bør ha eit studentbarnehagetilbod, då det ikkje nødvendigvis er forsvarleg å
435 drifte dei i alle delar av landet. Difor meiner SDSN at studentar med barn skal ha
436 fortrinnsrett på barnehageplass i nærleiken av studentens bustad eller studiestad.
437 Det er og naudsynt at studentar får tilbod om rabatterte barnehageplassar ved dei
438 studiestadane det ikkje er noko studentbarnehage.

439 6.4.1 Studentbarnehager

440 Ingen kommentar ut over det som er skriven som innspel til **6.4 Studenter med barn.**

441 6.5 Annet

442 SDSN ser det som unødvendig å ha eit hovudkapittel med berre eit underkapittel,
443 der det ikkje er tekst til hovudkapittelet. Om det ikkje vert lagt til fleire underkapittel
444 eller tekst under hovudkapittelet foreslår SDSN at arbeidsutvalet endrar det til 6.5
445 mat på campus.

446 6.5.1 Mat på campus

447 Ingen merknad.

448 7 Studentsamskipnader

449 7.1 Tilbud

450 Ingen merknad.

451 7.2 Samarbeid

452 SDSN er verken for eller i mot ein felles studentsamskipnad, dette er eit spørsmål
453 som må diskuterast vidare internt før SDSN kan ta eit tydeleg standpunkt. Det er lite
454 grunnlag lagt ved i høyringsnotatet, noko som gjer det ekstra vanskeleg å ta eit
455 standpunkt i denne saka på så kort tid. Det er bra at det vert ein diskusjon på om
456 dagens organisering fungerer optimalt, men for å ha ein god diskusjon må det

457 føreligge meir informasjon. SDSN vil takke arbeidsutvalet for å ha ettersendt meir
458 informasjon og dykkar grunngjevingar.

459 For SDSN sin del er det i stor grad usikkert kva konsekvensar ei slik endring vil ha for
460 drifta av studentsamskipnadane og vidareutviklinga av studentanes velferdstilbod,
461 men det er ein spennande debatt. Sjølv om ein direkte refleks på eit slik forslag kan
462 vere å sjå utfordringane og ikkje fordelane håpar SDSN at det kan bli ein god og
463 konstruktiv debatt der ein kan løfta fram dei ulike sidene med saka.

464 SDSN vil også merke seg at SiN allereie er ein organisasjon for
465 Stipendiatorganisasjonene i Noreg, men sidan dette berre er eit utkast vil det vere
466 rom for innspel av meir passande forkortingar.

467 Om NSO går for løysinga med ein felles studentsamskipnad er det ønskeleg at
468 regionsråda baserer seg på NSO sine gamle regionar, slik dei var i fordelinga av
469 kvoter til sentralstyret. Dette med eit unntak, og det er at Oslo vert plassert som ein
470 eigen region basert på studenttalet i dette området.

471 Under webinar om VPP blei det frå fleire framheva eit problem med at
472 fagskulestudentane ikkje blei ivaretekne i høyringa. For å løyse problemet med
473 representasjon for fagskulane, foreslår SDSN at det enkelt kan la seg løyse med å
474 setje av faste plassar til fagskulane i studentsamskipnadsstyret dersom ein skal gå
475 for ein studentsamskipnad. SDSN tenkjer og det vil vere naturleg med ei form for
476 vekting av stemmer i vedtaksorganet.

477 Som nemnt ovanfor manglar SDSN nok grunnlag til å ta stilling til for eller i mot, og
478 ynskjer at ei utreiing av dette kjem på handlingsplanen til neste års arbeidsutval.

